

**Til stades:** Ingrid Haugstad Håland, Rita Aase Austvoll, Astrid Skretting og Åse-Berit Fidjeland (fysisk), Anne Margrethe Myhre, Anne Kristine L. Andersen og Valborg Roalkvam Sandal (frå 18.00) på skjerm

**Meldt forfall:** Ann Karin Hammer

**Møtte ikkje:** Magnhild Hobberstad Aanestad, Malin Regine Fotland Øglænd og Anna Lorentse Søyland

**Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
OK

**Sak 02/2025 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte 19.08.25**  
OK

**Sak 04/2025 Økonomioversikt**  
Orientering om økonomien pdd.

**Sak 13/2025 Arbeidsplan og årshjul 2025-2026**

a) Årsmøtekurs

Det var ti (10) deltakarar i nordfylket, og tretten (13) i sørfylket

b) Ferdigstilling av lokallagssamling Kronen gård, Sandnes

Me må planlegga for skyss frå Stavanger til Sandnes kl 09.45 og retur til 16.45 på ettermiddagen. Pris rett over kr. 1100,- + høve til overnatting kvelden før m/middag etter eige val/privat betaling.

Kafedialog om styrearbeid med "kurs" etterpå - ti min til kvar  
Føredragshaldar

c) Årsmøterettleiar til lokallaga - felles informasjon på årsmøta

- sonekontaktane sender ut informasjon om at ein må be om besøk på årsmøtet, om lokallagssamling og høyring frå RBK

- felles informasjon kjem frå AU etter kvart

e) Årsmøte i lokallaga – avtala kven som representerer distriktslaget

Gjesdal BK - Rita (ynskje)

Fjellbygda BK - Rita?

d) Årsmøte 2026 Nesflaten

Me må ha sjølve årsmøtet på samfunnshuset og rigga til sjølv, men arrangørlaga lagar ein komitè. Valborg har bestilt lokalet laurdag til søndag.

Valkomiteen har så vidt begynt jobben.

**Sak 03/2025 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:**

**Ingrid Haugstad Håland** har arbeidd med kurs o.l. Det kjem mange arrangement/kurs på teams frå NBK i tillegg til dei som står i lokallagssendinga.

Ingrid og Ann Karin har hatt kurs om årsmøtegjennomføring, og har berre fått positive tilbakemeldingar, m.a. at det er lov å lura på og spørja kvarandre for å finna korrekt svar. Dei var òg på seminaret "Mat til alle i ei uroleg verd" på Tysvær. Det var interessant, så takk til Anne Margrethe for tipset. Alle i styret har fått lysbiletepresentasjonane derifrå.

**Åse-Berit Fidjeland** har gjort "førefallande arbeid" som e-postar o.l.

**Anne Kristine L. Andersen** synest det er full fart heile tida, og er overraska over at folk er så på og ivrige - veldig bra. Det er like interessant og morosamt å vera med på møta i BU; dei står på, det er nytt lag under oppstart i Egersund, gode refleksjonar og diskusjonar og dei har gode malar og strukturar.

Det har vore kurs i Sand om beredskap, der ho merka seg "handlingsbåren kunnskap", dvs. å læra praktisk av nokon som kan det, som lefsebaking.

**Rita Aase Austvoll** har vore på styremøter i Sandnes. Ho har god kontakt med laga i sona

si. Fjellbygda vurderer framtida si, for dei får ikkje folk til styret, og er berre to i styret nå, mens først skal 75-årsjubileum feirast. Det er ein god idé at dei har sendt ut skriv til heile bygda for å få deira meining.

**Astrid Skretting** har snakka med alle lokallaga bortsett frå Sirdal BK, og veit når dei skal ha årsmøte. Det er god tone og arbeidet med styrerepresentantar til årsmøta er godt i gang. Dei seier RBK har hatt gode kurs der dei kan spørja og få tips av kvarandre. Ho har òg vore på møte i bondelaget, der dei har møte på teams pga. innsparing.

**Valborg Roalkvam Sandal** har vore på møte med 4H der dei har diskutert kva me kan samarbeida om og at ein bør bruka lokale bygdekvinnelag som ein ressurs.

**Anne Margrethe Myhre** ruger på eit forslag til felles sonemøte. Dei har alltid eit politisk møte i Sand saman med alle i sona og bondelaget.

### **Eventuelt**

- a) **Norges bygdekvinnelag** har sendt ut **høyring** om modernisering av føremålsparagrafen, revidering av politisk plattform og strategi mot 2030. Les nøye og førebu deg til styremøtet 14. oktober!
- b) **Lokallagssending**  
Lokallagssendinga kan promoterast for å lesast og brukast, men det er dessverre ikkje samsvar mellom alt på side 14 og 15.
- c) Åse-Berit sender ut tilboda om **skjermkurs frå NBK** til alle i distriktsstyret, jf. sak 3/2025, og den som har lyst, interesse og tid gjev beskjed.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)